



Utstyr som er påbudt ved sykling på offentlig vei.



Trafikksikker klubb



Vår nye idrettslagsbuss som skal brukast i arbeidet med trygg transport.

Vik IL fotballgruppa

Retningslinjer for Trafikksikker fotballklubb

Ta trafikktryggleik på alvor,
BRY DEG!


Køyr varsamt og bruk bilbelte!

Dette har ein trafikksikker klubb

- Retningslinjer Trafikksikker klubb. Vedtatt av styret og offentliggjort
- Følgjer «God trafikkultur - klubb» på reiser
- Beredskapsplan (enkle retningslinjer når ulukka skjer)
- Parkeringsvakter med vest på større arrangement/kampar
- Informere spelarar, leiarar, trenarar, foreldre og publikum. Retningslinjer på heimeside www.vikil.no/fotball.

Trafikksikker fotballklubb er eit konsept for å kvalitetssikre klubben sitt tryggleiksarbeid i høve Statens vegvesen sin visjon om 0-drepne og 0-hardt skadde i trafikken.

Å bli godkjent som «Trafikksikker klubb» gjev ingen garanti for at ei ulukke ikkje skjer, men dokumenterer på ein god måte klubben sitt arbeid innanfor trafikktrygging. Fylkestrafikktryggingsutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Trygg Trafikk og Sogn og Fjordane Fotballkrets er initiativtakarar til prosjektet, og visjonen er 0- drepne og 0-skada i trafikken. Visjonen går att i logoen som er utarbeida for prosjektet.



Kva er klubben sitt ansvar?

Klubb og foreldre har eit mål om at idretten skal vere ein trygg plass for barn- og unge. Førebyggande arbeid, som t.d. fair play, trygg transport til trening og kamp, polititattestar, førstehjelpsutstyr osv. er, og skal vere, ein del av vår fotballkultur. Sogn og Fjordane Fotballkrets ønskjer at kvalitetsklubbar og andre klubbmiljø stiller seg bak arbeidet.

Vik IL Fotballgruppa har blitt godkjent som «Trafikksikker klubb»

God trafikkultur - klubb

VED KOLLEKTIV TRANSPORT TIL KAMP/TURNERING

- Bruk klubb-buss med alkolås

VED PRIVAT KØYRING/FORELDREKØYRING TIL KAMP/TURNERING

- Ansvarleg reisekoordinator
- Køyr i følge
- Bruk erfaren sjåfør(ar) dvs hatt førarkort minimum 5 år
- God tid til ferje og kamp. Køyr til avtalt tid
- Bruk bilbelte
- Ikkje tekst eller snakk i mobil på veg til/frå trening, kamp eller turnering
- "Sei ifrå" ved uvettig køyring
- Driv ikkje øvingskøyning med andre i bilen
- Barn under 135 cm skal sitje i barnesete (føresette sitt ansvar)
- Barn under 140 cm skal ikkje sitje i framsete dersom det er airbag

Alkohol/rus og trafikk høyrer ikkje saman.

TIL TRENING

- Hugs refleks om du går
- Hugs hjelm, lys og refleks bak om du sykklar
- Alle skal bruke bilbelte

Ein god trenar/leiar kan meir enn innsidepasning, han tar ansvar.

Ver ein god leiar du også!

Trafikktryggingsplanen finn du på Vik IL sine nettsider under Fotball.

Vik IL vil vere ein trafikksikker klubb fordi

- Vi BRYR OSS
- Alle skal kome trygt fram til trening/ kamp og heim
- Foreldre skal vite at idrettslaget set trafikktryggleik høgt